

Himmel og Hav

25. april 2015 · Haavebua



2015 - Artistene

Frå arkivet

Rockeplakaten

2015 - Artistene FLORØ: Musikkdelen av sommarens Himmel & Hav-helg i Florø er på plass. Det blir ei god blanding av kjenningar og nye ansikt, lovar Per Vidar Ottesen.

25.04.2015 Firdaposten: av: SVEND ARNE VEE,

Himmel & Hav-festivalen 2015 startar fredag 19. juni, med båttur for sponsorar. Årets norske bidragsytar blir suksessbandet Violet Road. Brødre-kvartetten såg dagens lys i 2010 og består av Håkon, Hogne, Halvard og Herman Rundberg frå Kåfjord, samt Kjetil Holmstad-Solberg fra Andøya. Nordlendingane, som framleis har base i heimbygda, turnerte hyppig i fjor etter utgjevinga av si andre plate «Back To The Roadshow», og gjesta mellom anna Mårock i Årdal, der dei nærast stal heile showet før stormkasta sette eit for tidleg punktum for konsertane i fjor. Musikalsk ligg Violet Road i eit folkrocka poplandskap, med sterke melodiar og eit veldig trøkk frå scena.

Heilirsk fredag Men den irske profilen som festivalen har henta innatt og styrka dei siste fem åra, den består, lovar Per Vidar Ottesen i Florø Rockeklubb. Fredagskvelden blir difor heilirsk på Haavebua. Rockklubben kan friste med at florøvenene Tupelo kjem på nytt sommarbesøk. Men i år har han fått napp hjå eit band til Florø som han har jakta på i fleire år.

Superkvartett I tillegg til at vi får ny visitt av Tupelo, så får vi besøk av kvartetten Traditional All Stars. Desse irane er svært dyktige musikarar som har spelt med irlands største artistar lenge, til dømes namn som Clannad, Sinead O'Connor, Tom Jones, Brian Eno, Luka Bloom, Moya Brennan og Hazel O'Connor. Dei er ikkje eit band i ordinær forstand, men dei kjem saman med ujamne mellomrom for å spele konsertar, og denne gongen kom vi oss inn på turnélista, fortel Ottesen.

Traditional All Stars består av fløytespelaren Eamonn de Barra, fiolinisten Michelle O'Brien, blås- og sekkepipespelar Eamonn Galldubh og gitarist Ian Kinsella.

Etter FB responsen å dømme så er det bare å hive seg rundt å kjøpe før det blir for seint. Det kommer til å bli mye folk på bua

Himmel & Hav-musikk 2015 Årets Himmel & Hav-festival går av stabelen frå torsdag 18. til søndag 20.juni. Florø Rockeklubb har ansvaret for konsertane, og det vert musikk både i Strandgata på dagtid og på Haavebua på kveldstid. Band som er bekrefta er Tupelo (Irl.), Violet Road (N) og det irske kollektivet Traditional All Stars.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
roceklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 13.